



BERGEN
KOMMUNE

17.-26. APRIL

KULTUR- DAGAR

I ARNA



PROGRAM 2026

Kjære arnabuar!

Kulturdagane i Arna markerer 35 år som kulturlivet sitt utstillingsvindaug. I ti dagar fyllest bydelen med song, musikk, kunst, historie og aktivitetar for store og små.

Byråd for næring, kultur og idrett Reidar Digranes opnar kulturdagane offisielt fredag 17. april kl. 18.00 i Kulturhuset Sentrum. Opninga byr på song, dans, kulturbollar og ei omreisande kunstutstilling laga av 100 born frå fritidsklubbane i Bergen.

Musikk og kreativitet pregar dagane: «Ord møter målepensel» samlar litteratur, biletkunst og jazz, medan storbandkonsert med Briotrio og Hardanger Big Band viser krafta i samarbeid mellom profesjonelle og lokale musikarar.

Arne Sangforening og Ytre Arna Historielag markerer jubileum i samband med Fabrikkstaden Ytre Arna 180 år, med konsert og lysbilete frå syngjespelet Elvæ.

Familie og vener kan oppleva «Korps for tog», togreise med «Veterantog Arna - Haukeland», «Årebasar» på Friborg, «Open Gard» på Garnes, konsertar med Duo Berning og Ådland, Blå Resept, Kamin, Trengereidkor, Haukeland Songlag og «Sprudlande vår!» med Arne Musikforening.

Kunst, handverk og lokal tradisjon finn du på Ådnatun Museum, med husflidsprodukt, bunadstradisjonar og lokale mattradisjonar.

Vandringar og ope hus ved Lien Gardsmuseum, og Kvamme og Espeland fangeleir gir innblikk i lokal historie. Verkstadar hos Arna Makerspace legg til rette for skaparglede og utforsking for alle aldrar.

Ytre Arna Sanitetsforening har i alle år fremja kvinnehelse i Arna, og held fram med aktuelt og nyskapande arbeid.

I år held Jane Trovik frå DRIV, Senter for kvinnehelseforskning, faginnlegg om livmorkreft, og Hildegunn Aase om mammografiprogrammet, KI og brystkreftscreening. Det blir òg musikkinnslag ved Morten Endresen frå «The Voice».

Kulturdagane viser kva vi får til når frivillige, profesjonelle og lokale krefter står saman. Ein stor takk til alle som bidrar og gir dagane innhald og energi.

Velkomen til vårlege treff med lokalkulturen!

Med varm helsing,

John Kristian Øvrebo

*Kultursjef
Arna og Åsane kulturkontor*



PROGRAMOVERSIKT

Ti dagar med konsertar, utstillingar, turar og aktivitetar

UTSTILLINGAR OG OMVISINGAR:

17.-26. APRIL

Utstilling og omvising i Ytre Arna Museum

Ivar Aasgaardsveg 1
Lokalhistorisk museum med fokus på tekstilindustrien. Ope kvar dag (stengt måndag) kl.12-15 kr. 75 ved inngang. Gratis for born. Arr: Stiftinga Ytre Arna Museum



Foto: privat

19.-26. APRIL

Ådnatun Museum

Utløebakken 83
Hus, gjenstandar og kunstutstilling av Irén Kleiven. Opningstider: 19.04 kl.13-16 (kafé open) 21.04 kl.16-18.30 23.04 kl.16-18.30 25.04 kl.13-16 (kafé open) 26.04 kl.13-16 (kafé open) Gratis. Arr: Arna Sogelag

19. OG 26. APRIL kl. 12-15 Sundagsopent museum i fangeleiren

Espeland fangeleir, Moldamyrane 81
Omvising i ein historisk fangeleir frå andre verdskrigen. Opningstid: 19. og 26. april kl. 12-15, omvising kl. 13 kr. 120 (gratis under 18 år) Arr: Stiftinga Lenken, Gestapohuset og Espeland fangeleir

17.-20. APRIL

Omreisende kunstutstilling med fritidsklubbane i Bergen

Kulturhuset Sentrum, Peter Jepsens veg 4
Kunst laga av over 100 born frå fritidsklubbane i Bergen. Utstillinga blir opna fredag kl. 18 elles ope laurdag-måndag kl.10-16. Gratis. Arr: Fritidsklubbane i Bergen



Foto: Pexels

17.-19. OG 23.-25. APRIL

Rosehagen brukskunst

Gudrun Kolderups veg 10,
Keramikk, smykke og tova ullprodukt til sal. Opningstider: 17.-19. og 23.-25. april kl. 12-18. Gratis. Arr: Rosehagen brukskunst



Foto: Steinar Karlsen

21. OG 25. APRIL

Utstillingar og omvisingar på Lien Gardsmuseum

Lien Gardsmuseum, Nordstrandvegen 70
Omvising av utstillinga, hestereiskapar, verktøy, bilete, litteratur, «finastovå» og gardshistorie. Tysdag 21. april kl. 18- 20 Laurdag 25. april kl. 12-15 Arr: Lien Gardsmuseum (sjå Facebook). Gratis.



Foto: privat

Viktig informasjon:

Vi tek atterhald om feil og endringar i programmet.

Sjå Facebook:

«Kulturdagar i Arna» eller billett.bergen.kommune.no for oppdatert informasjon.



Foto: Rokolj

FREDAG 17. APRIL



FREDAG 17. APRIL KL.18 OFFISIELL OPNING AV KULTURDAGAR I ARNA 2026

Kulturhuset Sentrum, Peter Jepsens veg 4
Byråd for næring, kultur og idrett Reidar Digranes opnar kulturdagane. Opning med song, dans og utstilling. Gratis. Arr: Arna og Åsane kulturkontor

FREDAG 17. APRIL KL.19

Kulturquiz

Kulturhuset Sentrum, Peter Jepsens veg 4
Dørene blir opna kl. 19, quizen startar kl. 21. Ta med deg vener, familie eller kom åleine på Kulturquiz. Open bar. 18+.Gratis. Arr: Kulturhuset Sentrum

LAURDAG 18. APRIL

LAURDAG 18. APRIL KL.10-14

Open Gard

Soltun Besøksgard, Garnestangen 60
Dyr, køyring med hest og vogn, aktivitetar for heile familien. kr. 50 (Vipps i porten) Arr: Soltun Besøksgard



LAURDAG 18. APRIL KL.11

Familielaurdag med teikneserieskapar

Therese G. Eide
Ytre Arna bibliotek, Peter Jepsens veg 4
Kreativ forteljarstund for born frå 4 år. Gratis.

LAURDAG 18. APRIL KL.12-13.30

Open familieverkstad

Kulturhuset Sentrum, Peter Jepsens veg 4
Måling med trådar og kreative teknikkar. Gratis. Arr: Arna og Åsane kulturkontor, Ungdom og fritid



Foto: privat

LAURDAG 18. APRIL KL.14-17

Opent hus og keramikkverkstad

Arna Makerspace, Fabrikkevegen 1, inng. 23
Lag skål i leire og del ei hyggeleg stund. Gratis. Arr: Arna Makerspace



LAURDAG 18. APRIL KL.18 Storbandkonsert med Briotrio og Hardanger Big Band

Arna kyrkje, Lakslia 19
kr. 300 vaksen / kr. 150 born/student (Vipps, kontant, Ticketco) Arr: Hardanger Big Band og Briotrio

LAURDAG 18. APRIL KL. 20

Konsert med Blå Resept på Peppes

Peppes Pizza Øyrane Torg, Ådnavegen 63
Energi og allsong med bandet Blå Resept. Billetter via Hoopla.no Arr: Bergen Festutleie AS, Peppes Pizza Øyrane Torg



SUNDAG 19. APRIL

SUNDAG 19. APRIL KL. 11

Bygdevandring på Kvamme

Bjørtveit høgaste punktet på Kvamsvegen
Guida tur frå Bjørtveit til Kvamstølen og til Kvamme. Om gardsliv og lokal historie. Gratis. Arr: Ytre Arna Historielag



Foto: privat

SUNDAG 19. APRIL KL.12-13.30

Open familieverkstad

Kulturhuset Sentrum, Peter Jepsens veg 4
Kreativ trådkunst for små og store. Gratis. Arr: Arna og Åsane kulturkontor, Ungdom og fritid



Foto: Arna Makerspace

SUNDAG 19. APRIL KL. 13

Opning av kunstutstilling i Ådnatun

Ådnatun Museum, Utløebakken 83
Kunst av Irén Kleive, musikk ved Guro Games. Kafé i Ådnabu 2. Bunadsverkstaden er open v/Linda Rognved. Gratis. Arr: Arna Sogelag

SUNDAG 19. APRIL KL. 14

Kulturdag i Espeland

Espeland fangeleir, Moldamyrane 81
Open leir mellom kl. 12-15, omvising kl. 13. Song ved Postkoret i Bergen kl. 14 og foredrag om motstandsmannen Peter Hendriksen: «Den lange reisen». Gratis. Arr: Espeland fangeleir venneforening

MÅNDAG 20. APRIL KL.10 og 14

Lesestund for dei minste

Ytre Arna bibliotek, Peter Jepsensveg 4
Lesestund for born. u/4 år kl. 10, fra 4 år kl. 14
Gratis. Påmelding: billett.bergen.kommune.no Arr: Ytre Arna bibliotek

MÅNDAG 20. APRIL KL. 17

Korps for Tog

Arna togstasjon og Bergen jernbanestasjon
Musikalsk togreise med Ama Skulekorps. Gratis. Arr: Arna Skulekorps

MÅNDAG 20. APRIL KL. 18.30

Korkafé

Trengereid forsamlingshus, Vaksdalsvegen 2
Korsong ved Trengereidkoret m/ Hilde Röhde (cello), Torger Kine Solsvik (piano) og gjestekoret Ekko frå Askøy. Musikk og loddosal. Gratis. Arr: Trengereidkoret



Foto: Torger Kinne Solsvik

17. – 26. APRIL 2026

for små og store. Det meste er gratis, noko kostar litt.

TYSDAG 21. APRIL

TYSDAG 21. APRIL KL. 11-13
DATAKAFÉ

3. etasje, Øyrane Torg
Arna Frivilligsentral og
Seniornett Arna inviterer til
datakafé, kaffi/te og noko
attåt.kr. 30 (medlemer i
Seniornett) / kr. 50.
Arr: Arna Frivilligsentral,
Seniornett Arna

TYSDAG 21. APRIL KL. 18-20

Omvising Lien Gardsmuseum

Nordstrandvegen 70
Omvising av utstillinga,
hestereiskapar, verktøy,
bilete, litteratur, «finastovå»
og gardshistorie. Gratis.
Arr: Lien Gardsmuseum

TYSDAG 21. APRIL KL. 19

Vårkonsert

Friborg, Lonaleitet 163
Vårkonsert med kor, pianist
Vidar Eldholm og dirigent
Hilde Brevik Grytten.
Vaksne kr. 200 / born under
16 år gratis. Billettkjøp hos
koristane og ved inngangen.
Arr: Haukeland songlag



TYSDAG 21. APRIL KL. 19.30

Norsk-engelsk mester- møte: Edvard Grieg og Frederick Delius

Arna kyrkje, Lakslia 19
Konsert med Duo Berning
(cello) & Ådland (klaver).
kr. 250 / student/honnør
kr. 200, born under 6 år
gratis. VIPPS til nr. 832170
Arr: Duo Berning & Ådland



ONSDAG 22. APRIL

ONSDAG 22. APRIL KL. 11

Guida tur langs Storelva

**Langerekkja 21, oppmøte
ved klubbhuset til
Sportsfiskarlaget**
Bli med på tur! Gratis. Arr: Arna
frivilligsentral i sam-
arbeid med Arna Sports-
fiskarlag, DNT Bergen og
Hordaland Turlag

ONSDAG 22. APRIL KL. 15-17

Trådar mellom verder: Garn frå Ildlandet

**Arna Makerspace,
Fabrikkvegen 1, inng. 23**
Tekstilkunst for born og
familiar. Gratis. Arr: Arna
Makerspace og Arna
Husflidslag

ONSDAG 22. APRIL KL. 17-20

Opent hus i Arna Makerspace

**Arna Makerspace,
Fabrikkvegen 1, inng. 23**
Bygging, måling, 3D-printing
og kreative aktivitetar.
Gratis. Arr: Arna Makerspace

ONSDAG 22. APRIL KL. 17.30

Kulturkafé med Klubben

**Kyrkjelydshuset,
Lakslia 21**
Vaflar, dans med Arnaringen
og sosialt samvær. kr. 50
Vipps og kontant i døra.
Arr: Klubben i Arna,
Arna Sokneråd

ONSDAG 22. APRIL
KL. 19-20.30

Konsert med KAMIN Ådnahall kulturverkstad, Lakslia 10

Oppvarming ved ungdoms-
bandet LydAr, kr. 200
(vaksne), kr. 100 (born
u. 16 år, studentar
og honnør). Gratis for
medlemer i Arna mållag.
Arr: Arna mållag



Foto: Thomas Nøking

ONSDAG 22. APRIL KL. 19-21

Temakveld om kvinnehelse

**Kulturhuset Sentrum,
Peter Jepsensveg 4**
Jane Trovik presenterer
DRIV, Senter for kvinne-
helseforskning. Faginnlegg
om livmorkreft. Foredrag
v/Hildegunn Åse om
brystkreftscreening, KI og
mammografiprogrammet.
Musikk v/ Morten Endresen
frå «The Voice». Billett i
døra, kr. 100. Arr: Ytre Arna
Sanitetsforening



Foto: Ytre Arna Sanitetsforening

TORSDAG 23. APRIL

TORSDAG 23. APRIL KL. 15-17

Trådar mellom verder: Garn frå Ildlandet

**Arna Makerspace,
Fabrikkvegen 1, inng. 23**
Tekstilkunst for born og
familiar. Gratis. Arr: Arna
Makerspace og Arna
Husflidslag

TORSDAG 23. APRIL KL. 17-20

Opent hus i Arna Makerspace

Fabrikkvegen 1, inng. 23
Bygging, måling, 3D-printing
og kreative aktivitetar. Gratis.
Arr: Arna Makerspace

TORSDAG 23. APRIL KL. 19

Fabrikkstaden

**Ytre Arna 180 år
Kulturhuset Sentrum,
Peter Jepsensveg 4**
Konsert og lysbilete frå
syngjespelet Elvæ.
kr. 200 (TicketCo)
Arr: Arne Sangforening og
Ytre Arna Historielag



Ytre Arna før 1880.
Maleri av Ole B. Eyde

FREDAG 24. APRIL

FREDAG 24. APRIL KL. 12-15

Utstilling og omvising i Ytre Arna Museum

Ivar Aasgaardsveg 1
Lokalhistorisk museum med
fokus på tekstilindustrien.
Opent kvar dag (stengt
måndag) kl.12-15
kr. 75 / gratis for born
Arr: Stiftinga Ytre Arna
Museum




Foto: Rokoll

FREDAG 24. APRIL KL. 19

Ord møter målepensel Ådnatun Museum, Utløebakken 83

Opplev litteratur, biletkunst
og jazz på ei og same scene!
Møt forfattaren Erlend Kaasa,
målareren Frode Dæmring
og musikaren Thomas
Nøking. Pris: kr. 150
Arr: Arna Kulturråd



LAURDAG 25. APRIL

LAURDAG 25. APRIL
FRÅ KL. 10

Veterantog Arna - Haukeland t/r

**Arna Gamle Stasjon,
Ådnavegen 26**
Togtur med veteranmotor-
vogn BM86. Vaksen kr. 120,
born kr. 60 (TicketCo) Arr:
Museet Gamle Vossebanen



Foto: Museet Gamle Vossabane

LAURDAG 25. APRIL
KL. 12-15

Familiefestival

**Ytre Arna stadion,
Brurastien**
Lotteri, konkurransar, grill
og aktivitetar. Gratis.
Arr: Beatus Cras



Foto: Arna Makerspace

LAURDAG 25. APRIL KL. 12-17

Opent hus og keramikkverkstad

**Arna Makerspace,
Fabrikkvegen 1, inng. 23**
Kreativ keramikkverkstad
for små og store. Gratis.
Arr: Arna Makerspace

LAURDAG 25. APRIL
KL. 12-15

Omvising Lien

**Gardsmuseum
Nordstrandvegen 70**
Omvising av utstillinga,
hestereiskapar, verktøy,
bilete, litteratur, «finastovå»
og gardshistorie. Gratis.
Arr: Lien Gardsmuseum



Foto: Bergen kommune

LAURDAG 25. APRIL KL. 16

Sprudlande vår!

**Fargeriet,
Oleana fabrikk**
Konsert med musikk og
bobler. kr. 200 / kr. 400
med vinsmaking. Bill. på
Ticket.co, i døra, eller hos
medlemer i korpset.
Arr: Arne Musikforening

SUNDAG 26. APRIL

SUNDAG 26. APRIL KL. 12-15

Familiedag i Espeland fangeleir

Moldamyrane 81
Aktivitetar og omvising i
Noregs einaste bevarte
fangeleir. Foredrag kl. 13
om Espeland fangeleir i
krig og fred. Gratis.
Arr: Espeland fangeleir
venneforening

SUNDAG 26. APRIL KL. 12

Historisk vandring frå Lia til Liafjellet Nordstrandvegen 70

Historisk vandringstur om
idrettsliv, krigshistorie og
hytteliv tilbake i tid. Gratis.
Arr: Lien Gardsmuseum




Foto: privat

SUNDAG 26. APRIL KL. 16

Årebasar

Friborg, Lonaleitet 163
Sosial og hyggeleg basar.
Gratis. Arr: Hauge
Ungdomslag



Foto: privat



BERGEN
KOMMUNE

*Vi tek atterhald om feil og endringar i programmet.
Sjå Facebook: «Kulturdagar i Arna» eller
billett.bergen.kommune.no for oppdatert informasjon.*

VIL DU ARRANGERE NOKO?

Inspirerer programmet deg til å lage eit eige arrangement eller ein ny aktivitet? Ta kontakt med oss, så hjelper vi deg å realisere det!

TRENG DU KULTURLOKALE?

Bergen kommune har ei rekkje kultur- og aktivitetslokale som frivillige lag og organisasjonar kan leige gratis! Informasjon om lokale og ledige tider finn du i kommunen sitt elektroniske utleigesystem: www.bergen.kommune.no/aktivkommune

Har du spørsmål?
Ta gjerne kontakt med:

ARNA OG ÅSANE KULTURKONTOR

Adresse: Åsane Senter 52, 5116 ULSET

E-post: ArnaogAsane.Kulturkontor@bergen.kommune.no

Telefon: 55 56 71 15

Facebook: www.facebook.com/kulturdagariarna

Kulturkontoret held ope måndag kl. 12.00-15.00.
Tysdag til fredag kl. 9.00-15.00. Kveldsmøte kan avtalast.
Alle kulturtilbod i regi av Bergen kommune finn du på:
www.bergen.kommune.no



**BERGEN
KOMMUNE**